

Utval: Utval for opplæring og helse
Møtestad: Sunnhordland, 4. etasje, fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato: 06.10.2016
Tidspunkt: 10:00-11:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	A
Kjetil Hestad	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Øyvind Strømmen	Medlem	FL MDG/V
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	FL MDG/V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elise Loftheim	Ragnhild Fagerbakke	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Fylkesdirektør eigedom
Birte Haugen Andersen	Leiar seksjon skule, opplæringsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 79/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 80/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 81/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 32/16	Svar på spørsmål vedk. Bergen private gymnas	2016/9721	
RS 33/16	International Newsletter 01/16	2014/19660	
PS 82/16	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr.2 – 2016	2016/2297	
PS 83/16	Høyringsuttale NOU 2016/7 - Norge i omstilling. Karriereveiledning for individ og samfunn.	2016/7805	
PS 84/16	Ymse		

PS 79/16 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.

PS 80/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Vedtak

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

PS 81/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Vedtak

Utval for opplæring og helse tek referatsakene til orientering.

RS 32/16 Svar på spørsmål vedk. Bergen private gymnas

RS 33/16 International Newsletter 01/16

PS 82/16 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr.2 – 2016

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklima	2 000 000	
10 633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10 777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 0000	
10 646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10 777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 0000	29 000 000

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Ventilasjon / Inneklima	2 000 000	
10 633.020.00	02301	02148	Slåtthaug vgs. ventilasjon ./varme	1 000 000	
10 777.025.00	02301	00208	Universell Utforming	26 000 0000	
10 646.020.00	02301	03236	Os vgs. – Sveis- og Hydraulikkverkst.		4 000 000
10 777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg/tilbygg		25 000 000
				29 000 0000	29 000 000

PS 83/16 Høyringsuttale NOU 2016/7 - Norge i omstilling. Karriereveiledning for individ og samfunn.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 28.09.2016

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Solbjørg Marjala, R, sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktingetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karriererettleiing for flyktingar og innvandrarar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebuande helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggest til rette for og vidareutviklast.»

Røysting

Fylkesrådmannen sin innstilling med Marjala sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til utvalet sine tilrådingar med dei presiseringane som er haldne fram i svarbrevet med slik merknad:

I Hordaland har vi gode erfaringar med trekantsamarbeidet mellom NAV Intro, vidaregåande opplæring og flyktingetenesta. Samarbeidet har gitt konstruktiv karriererettleiing for flyktingar og innvandrarar, samt gode kvalifiseringstiltak slik som førebuande helsefagarbeidar for minoritetsspråklege, barnehageteneste og sveisekurs. Denne modellen for samarbeid bør det leggest til rette for og vidareutviklast.

PS 84/16 Ymse

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.10.2016

Ingen saker under Ymse.

OPEN TIME

Orientering om turskiltprosjektet v/ rådgjevar Eirik Knive, seksjon for idrett og friluftsliv, og byfjellsforvaltar Jan Robert Brandsdal, Bergen kommune.

Elisabeth Toft-Erichsen, V, påpekte at det er utfordrande at det i PS 83/16 vert vist til merknadar i eit anna dokument i innstillinga til vedtak. Når ein skal sjå tilbake på saka seinare er det vedtaka som vert lest, ikkje saksutgreiinga, og merknadane bør difor vere i vedtaket.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at ein no oftare får ein ferdig mal som ein skal halde seg til og at det då kan verte for omfattande å få alt med i forslag til vedtak. Opplæringsavdelinga vil ta det med seg i det vidare arbeidet.

Tor Andre Ljosland, KrF, spurde om Hordaland fylkeskommune svarar på alle høyringar ein får førespurnad om eller om det er nokon form for utval. I tillegg ønskja Ljosland å vite om utvalet får høyringa får Helsedirektoratet «Nasjonal faglig retningslinje for helsestasjons- og skolehelsetjenesten» til politisk handsaming.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at det er ein del høyringar som vert retta mot fylkeskommunen som skuleeigar og opplæringsavdelinga har som hovudinnstilling at dei skal svare på alle slike høyringar. Andre førespurnadar kan handle om kartleggingar og der vil ein i større grad svare administrativt. Når ei høyring vert sendt til fylkeskommunen vert den sendt til fylkesrådmannen som distribuerer den til avdelinga som skal handsame den. Når det gjeld høyringar som handlar om folkehelse vil desse handsamast av regionalavdelinga, men den kjem gjerne opp i fleire politiske utval, blant anna utval for opplæring og folkehelse. Fylkesdirektøren reknar med at den nemnte høyringa er av slik art.

Daniel Charles Hextall, SV, stilte spørsmål om bruk av fornybare energikjelder innan yrkesfag. Dette har vore oppe til diskusjon i den tematiske gruppa Energy and Climate change under Nordsjøkommissjonen. Hextall understreker at det kan vere vanskeleg å svare over bordet og vil i så fall sende inn eit skrifteleg svar.

Fylkesdirektør for opplæring svarte at det er rektor på kva skule som kan sette i gang slike prosjekt. Men dersom Hextall kjem med eit konkret spørsmål skal opplæringsavdelinga kome med eit utfyllande svar.

Elisabeth Toft-Erichsen, V, stilte to spørsmål:

1. Er det mogleg å få ein oversikt over skulane og dei oppsparte midlane skulane har?
2. I samband med budsjettet vart det sagt at ein skulle få ei sak om fritt skuleval til politisk handsaming, kva er status her?

Fylkesdirektør for opplæring svarte:

1. Dei oppsparte midlane til skulane har vore til politisk handsaming fleire gongar, og vert på ny framstilt i saka om budsjett for 2017. Opplæringsavdelinga kan sende ut link til førre gong saka var oppe. I samband med nye tal vert det mogleg å få ein oversikt i samband med rekneskapet for 2016 som vert lagt fram i mars. Retningslina er slik at skulane kan spare 5% av revidert budsjett kvart år. Dette kan ikkje akkumulera.
2. Denne saka er i prosess og kjem opp som politisk sak i neste utvalsmøte, og seinare i fylkestinget i desember.